



Universitetet  
i Stavanger

**Tuastad, S. (2012) Ytringsfridom og hat. *Nytt Norsk Tidsskrift*, 29(1), pp. 116-117**

**Lenke til publisert versjon:**

<http://www.idunn.no/ts/nnt/2012/01/art08?highlight=#highlight>

(Det kan være restriksjoner på tilgang)



**UiS Brage**

<http://brage.bibsys.no/uis/>

Denne artikkelen er gjort tilgjengelig i henhold til utgivers retningslinjer.

Det er forfatterens siste upubliserte versjon av artikkelen etter fagfelleevaluering, såkalt postprint.

Dersom du skal sitere artikkelen anbefales det å bruke den publiserte versjonen



## YTRINGSFRIDOM OG HAT

Svein Erik Tuastad, svein.tuastad@uis.no

I motsetnad til det Sindre Bangstad og Arne Johan Vetlesen hevdar i *Nytt Norsk Tidsskrift* (4/2011), lir vår reguleing av ytringsfridomen av eit liberalt underskot.<sup>1</sup> Ytringsfrihetskommisjonens førearbeid viser at grunnlovsvernet av ytringsfridom i Noreg primært gjeld opplyste *ytringar* i staden for personars ytringsfridom (Holst og Molander, 2009). Ideen er at ytringar som spelar ei rolle i sanningssøking, for autonomi som byggjer det «myndige mennesket», og i deliberativt demokrati, er dei som mest fortener grunnleggjande vern. Stortingsfleirtalet bygde inn Ytringsfrihets-kommisjonens argumentasjon i grunnlovsparagrafen og vilkårsbatt ytringsvernet. Dermed er i grunnen jobben gjort for Bangstad, Vetlesen og alle som ynskjer at ytringsregimet skal kunne bli strengare. Korleis tar dei feil?

### *Ytringsfridomens verdi*

Dei tar feil fordi ytringsfridomen er uløseleg knytt til demokratiets likeverdsprinsipp. Følgjande tre moment er viktige.

1) *Samfunnets norm er likeverd.* Sterkt ytringsvern tyder at vi må tole hatytringar. For Bangstad og Vetlesen er det einstyddande med at samfunnet set på spel borgaranes rett til verdigheit og likebehandling (s. 341). Men i røynda er det tvert om. Ytringsfridomen er del av ein vidare negativ fridomskatalog som skal sikre alles like rett til å forme livet fritt. Fridomskatalogen følgjer av at samfunnets berande norm er likeverd. «Verdigheit» og «likeverd» er omgrep som kan verke klisjémessige. Men dei rommar kjernen i demokratiet: At vi ynskjer at folks liv skal gå bra (likskap), og retten kvar og ein har til sjølv å forme sitt liv (fridom) (Dworkin, 2006). Bangstad og Vetlesen bør skilje betre mellom normer vi som samfunn kneset, og ekstremistars påstandar.

Men, som Bangstad og Vetlesen peikar på, kva med dei som ikkje respekterer andres likeverd? Dersom likeverdsprinsippet ikkje inkluderte desse, vart det same prinsippet brote. Men full ytringsfridom til rasistar og islamofobar følgjer av at likeverdprinsippet demokratiet er tufta på, inneber ein rett til å ta feil.<sup>2</sup>

2) *Subjektiv fororking*. Det er naivt å tru at hat og forakt mot grupper forsvinn med forbod. Jamvel om fenomenet hat-oppfatningar då vart mindre synleg, vert det ikkje borte. Den beste tilnærminga er å fremje læring av kva som er god og dårleg argumentasjon, og om at det vil finnast krenkjande meiningar. Så kan ein heve seg over dei: – Ja, det finst idiotar som hater meg fordi eg er annleis enn dei. Men som borgar lyttar eg heller til demokratiets felles røyst og er stolt over å vere del av eit samfunn bygd på moralsk likskap og alles rett til fridom.

3) *Læring*. I den liberale tilnærminga ligg ei tiltru til sjølvregulerande mekanismar i demokratiet. Borgaranes oppfostring i likeverdsnorma vil i regelen føre til at hatefulle ytringar vert imøtegådde. Det er ein betre måte å møte dei på enn ved å innskrenke alles fridom, inkludert ytringsretten til dei som skal skånast. Likeverdsnorma vert til dømes fremja i skulen; det liberale demokratiet investerer i sin eigen framgang. I velfungerande liberale demokrati er medvitet om menneskerettane utbreidd blant borgarane. Det er vår sterkaste fridoms-garanti (Pogge, 2002: 63).

### *Demokratisk mismot*

Bangstad og Vetlesen hevdar at offentlegheita generelt og sosiale media spesielt fungerer kontrært i høve til demokrati-ideal à la Habermas. Det er for svartsynt. Bangstad og Vetlesen bør vende blikket mot kva for illokusjonære kategoriar ytringane tilhøyrrer i staden for berre å fokusere på ytringanes perlokusjonære effektar (Altman, 1993). Då ville dei raskt kunne konstatere at dei 33 millionar ytringane i VG-debatts nettarkiv, inkludert 3,4 millionar innlegg om norsk politikk, i det store og heile er meiningserklæringar, ikkje hets.<sup>3</sup> – Nei, det er ikkje eins med den ideelle samtalen, men han eksisterte knappast rundt kaféborda i den sosialt eksklusive borgarlege offentlegheitas gansperiode heller. Som uuttala norm derimot, driv den ideelle samtalen enno debatten.

Dei sosiale media har truleg demokratisert det offentlege ordskiftet ikkje berre ved deltakingsaspektet, men også ved at kanalane frå meiningsdanningsnivået til viljedanningsnivået har blitt fleire i

demokratiets maktkrinnsaup.<sup>4</sup> «Høge» og «låge» offentlegheiter er ikkje strengt skilde, men vert bundne saman av eit mangfald bruier. Viktige synsmåtar vert til dømes filtrerte inn i papiravisdebatten frå nettdebatten.

Situasjonen er dynamisk; til dømes ser innføring av namnregistrering og kontinuerleg moderering ut til å ha verka positivt.

Bangstad og Vetlesen legg for dagen mismot over demokratiet. Men kanskje det aldri har eksistert eit samfunn der den offentlege samtalen fungerer meir demokratisk enn i Noreg anno 2012.

### Noter

- 1 Etter på nær 200 år med same grunnlovsparagraf vart ei de facto *forverring* frå Bondevik II-regjeringa hindra med eit naudskrik under den politiske behandlinga, jf. *Klassekampen*, 25/9, 2004.
- 2 Med demokratiet som utgangspunkt kan ein seie dei tar feil, fordi dei ikkje aksepterer demokratiets likeverdsføresetnad (Dworkin, 1999 [1985]).
- 3 Sjå vgd.no. Jf. A. Hjelseth, *Aftenposten*, 27/ 12, 2011, om arkivverdi. 4 Jf. omgrepsbruk i Pedersen (2010).

### Litteratur

Altman, A. (1993). «Liberalism and campus hate speech: A philosophical examination». *Ethics*, 103 ( January).

Bangstad, S. og A. J. Vetlesen (2011). «Ytringsfrihet og ytringsansvar». *Nytt Norsk Tidsskrift*, 28 (4): 334–346.

Dworkin, R. (1999) [1985]. «Har vi rätt till pornografi?». I R. Dworkin: *En fråga om jämlikhet - Rättsfilosofiska uppsatser*. Göteborg: Daidalos.

Dworkin, R. (2006). *Is democracy possible here? Principles for a new political debate*. Princeton, NJ: Princeton University Press.

Holst, C. og A. Molander (2009). «Freedom of expression and freedom of discourse. Examining a justificatory strategy». I A. Kierulf og H. Rønning (red.): *Freedom of speech abridged?* Göteborg: Nordicom, Göteborgs universitet.

Pedersen, J. (2010). «Jürgen Habermas – offentlighetens teoretiker». I J. Pedersen: *Moderne politiske teori*. Oslo: Pax.

Pogge, T. (2002). «How should human rights be conceived?». I T. Pogge: *World poverty and human rights* (s. 63). Cambridge: Polity Press.